

Reglement for godtgjersle av prøvenemndsarbeid i Vestland

Prøvehonorar

Leiar: 2 600 kroner per kandidat

Medlem: 2 000 kroner per kandidat

Satsen generer ikkje feriepengar.

Honoraret dekkjer:

- Dialog med bedrift og kandidat
- Innkalling
- Utarbeiding av oppgåve og vurderingskriterium for prøven
- Signering av protokoll
- Samarbeid mellom prøveleiar og prøvemedlem før prøven

Honoraret dekkjer ikkje:

- Fysisk befaring av prøvestad før prøven
- Reise i samband med prøvegjennomføring
- Gjennomføring av prøve

Avbroten prøve eller kandidat som ikkje møter

Når prøvenemnda har førebudd prøve som ikkje blir starta og prøven kan nyttast neste gong, har medlemmane rett på eit honorar på 600 kroner. Om prøven som er førebudd ikkje kan nyttast neste gong, har medlemmane rett på fullt honorar.

Koordinatorhonorar

Prøvenemndsadministrator samordnar aktiviteten i nemnda, fordeler prøver og er kontaktperson for fylkeskommunen. Prøvenemndsadministrator får 200 kroner i honorar per fordelte prøve.

Fylkeskommunen dekkjer ikkje tapt arbeidsforteneste i samband med dette. Satsen generer ikkje feriepengar.

Føring av tilleggsprotokoll

600 kroner. Fylkeskommunen dekkjer ikkje tapt arbeidsforteneste i samband med dette. Satsen generer ikkje feriepengar.

Uttale i samband med klage

600 kroner. Fylkeskommunen dekkjer ikkje tapt arbeidsforteneste i samband med dette. Satsen generer ikkje feriepengar.

Observatør på prøve

600 kroner. Satsen generer ikkje feriepengar. Fylkeskommunen dekkjer i tillegg tapt arbeidsforteneste etter gjeldande satsar. Den som ikkje kan dokumentere tapt inntekt, kan nytte satsen for fritidssats.

Yrkesutval

600 kroner per oppdrag. Satsen generer ikkje feriepengar. Fylkeskommunen dekkjer i tillegg tapt arbeidsforteneste etter gjeldande satsar. Den som ikkje kan dokumentere tapt inntekt, kan nytte satsen for fritidssats.

Godtgjersle for gjennomføring av kompetansepakken

Prøvenemndsmedlemmar må gjennomføre Utdanningsdirektoratet si kompetansepakke. Dei som har gjennomført kurset, har rett på eit honorar på 3 500 kroner. Fylkeskommunen dekkjer ikkje tapt arbeidsforteneste eller møtegodtgjersle i samband med dette. Satsen generer ikkje feriepengar. Gjennomført kompetansepakke skal dokumenterast med kursbevis.

Godtgjersle for møte og kurs

1 000 kroner per møte. Satsen gjeld både digitale og fysiske møte og kurs. Satsen generer ikkje feriepengar. Fylkeskommunen dekkjer i tillegg tapt arbeidsforteneste etter gjeldande satsar. Den som ikkje kan dokumentere tapt inntekt, kan nytte fritidssats. Alle møte må vere godkjent av fylkeskommunen på førehand. Møte i samband med ein konkret prøve genererer ikkje møtegodtgjersle.

Reisetid

Fylkeskommunen dekkjer reisetid utover normal arbeidstid med fritidssats.

Reise og diett

Fylkeskommunen dekkjer reise og diett i samsvar med det kommunale regulativet.

Tapt arbeidsforteneste

Generelt

Den som er med i prøvenemnd har rett til vederlag for inntektstap som følgje av prøvenemndsvervet.

Inntil 4 800 kroner per dag. Satsen dekkjer tapt inntekt og feriepengar. Det må ligge føre dokumentasjon på inntektstapet. I særlege høve kan avdelingsdirektøren godkjenne høgare dokumentert krav inntil 8 000 kroner.

Fylkeskommunen dekkjer berre det som kan definerast som tap av løn for arbeidstakar, ikkje tap av fortjeneste for bedrifta.

Personar med lønsinntekt

Tapt arbeidsinntekt bør dekkast ved at arbeidsgjevar fakturerer fylkeskommunen direkte for å hindre at prøvenemndsmedlemmen taper pensjon. I slike tilfelle kjem arbeidsgjevaravgifta i tillegg til satsen som er omtala over.

Sjølvtendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn 1 830 kroner, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra. Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Det er den pensjonsgivande inntekta som skal leggjast til grunn. Inntektstapet per dag vert rekna ut etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

Prøvenemndsmedlem tilsett i fylkeskommunen

Prøvenemndsmedlemmar som er tilsette i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen. Eininga kan krevje refusjon for eventuelle vikarutgifter.

Fritidssats

Den som ikkje kan dokumentere tap av inntekt har i staden rett på ein fritidssats på 244 kroner. Dette gjeld til dømes studentar, pensjonistar og turnusarbeidarar som utfører prøvenemndsarbeid i friperiodar. Tid til prøvegjennomføring som går utover ordinær arbeidstid blir dekt med fritidssats. Den som krev fritidssats skal legge ved timeliste.

Reiserekning

Prøveprotokollen må vere signert digitalt før fylkeskommunen betaler honorar og refunderer andre utlegg. Prøvenemndsmedlemmane bør sende reiserekning seinast tre månader etter at prøven er gjennomført.

Handsama i Yrkesopplæringsnemnda i Vestland 19. april 2023.